



Terje Seim IMAP

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2400 - 20/55109

Saksbehandlar:

Ole Martin Bolset

ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:

04.09.2020

## **Avvist klage - Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, gbnr 172/14**

**Administrativt vedtak:**

**Saknr: 22/2400**

**Tiltak:**

Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet

**Byggjestad:**

Gbnr: 172/14

**Tiltakshavar:**

Terje Seim

**Ansvarleg søkjar:**

Proess AS

### **VEDTAK:**

**Klage datert 06.07.2020 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd**

Alver kommune viser til klage, datert 06.07.2020, på avvist planforslag på planframlegget til detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, datert 01.06.2020, samt kommunens krav på gebyr knytt til avvisninga av planforslaget, datert 25.06.2020 i sak 20/2400.

Planframlegget vart motatt 14.05.2020, og avvisninga vart sendt ut 01.06.2020. Framlegget til reguleringsplan er vurdert til å ikkje vere i samsvar med kommunedelplanens arealdel, og administrasjonen tok ei avgjerd på å avvise planframlegget jf. plan- og bygningslova § 12-11 tredje setning.

Det vart vidare sendt ut eit gebyr for avvist plansak før førstegongsvedtak, jf. gebyrregulativet punkt 7.2.8.

Gebyret såg slik ut:

Sakstype: Privat forslag til reguleringsplan (PBL kap 12)

Saksnr: 20/2400

Gebyrtype: 7.2.8 Avvist plansak, før førstegangsvedtak kr. 8 000,-

Samla gebyr kr. 8 000,-

Gebyra er friteke meirverdiavgift.

Gebyret skal betalast til Alver kommune, Økonomikontoret, i samsvar med vedlagte faktura.

Gebyrregulativet punkt 7.2.8 ser slik ut:

7.2.8	<b>Avvist plansak</b>	
	Før førstegangsvedtak	8.000
	Etter førstegangsvedtak	Som ordinær plansak

### Vurdering:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annan med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav b er eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personar».

Avvisninga er ei avgjerd om å ikkje ta planframlegget opp til 1. gongs handsaming, då planframlegget er vurdert til å ikkje vere i samsvar med kommunedelplanens arealdel.

Avgjerd om avvising er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på jf. forvaltningslova § 28.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Alver kommune sitt gebyrregulativ er vedtatt som ei lokal forskrift og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av gebyr for sakshandsaming. Regulativet pkt. 7.2.8 angjev gebyret for avvist plansak.

I dette tilfelle vart planframlegget mottatt i 2020 og gebyr er fakturert etter då- og noverande gebyrregulativ for Alver kommune av 2020 for avvist plansak, før førstegongsvedtak, kr. 8000,-.

På bakgrunn av det ovannemnde er det ikkje grunnlag for å handsama klaga, jf. fvl § 33 andre ledd. Klaga vert difor avvist.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjvest. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Terje Seim IMAP